



ÅRSMELDING 2017

Bergen Nei til EU

Bergen Nei til EU er eit av tre aktive lokallag i Hordland fylke. Det har vore 9 styremøte i 2017 og styret har gjeve ut to nummer av medlemsbladet Løvetannen. Styret har delteke i stands-aktivitetar, i april-mai og i august-september. Det siste i samband med valkampen 2017. Standsaktivitetane har vore i samarbeid med Hordaland Nei til EU. Fleire detaljar om styret sitt arbeid er å finna seinare i denne årsmeldinga.

På årsmøtet 5. april 2017 vart følgjande styre vald:

Styret

Styret valde på årsmøtet 5. april 2017 følgjande styre:

Styremedlem / kontaktperson:	Sølvi Helene Møinichen	for eit år
Styremedlem:	Toril Mongstad	for to år
Styremedlem:	Tor Sander	for to år
Styremedlem:	Jane Nordlund	for eit år
Styremedlem:	Åge Chr. Jacobsen	ikkje på val (eit år igjen)

Ungdom mot EU kan tiltre om UmEU har folk, dei peikar sjølve ut ein representant

Første vara	Frode Aase-Nilsen	attval – for eit år
Andre vara	Douglas Ferguson	ny som vara – eit år
Tredje vara	Hans Ebbing	ny som vara – eit år
Fjerde vara	Nora Henden Stegane	ny – for eit år, tiltrer over sumaren

Revisor: Frode Mannsåker

Val-komité: Hildur Straume, Tone Storevik og Oddvar Skre.

Styrets arbeid

Styrets arbeid har vore å følgja opp vedteken arbeidsplan, der hovudpunkta i arbeidsplanen har vore:

- Kunnskapsformidling
- Medlemsverving

Kunnskapsformidling:

Styret har delteke på stands både i april/mai og i valkampen, i august/september. Denne aktiviteten står for ein god del av kunnskapsformidlinga laget driv med. I tillegg vart det laga to nummer av medlemsbladet Løvetannen.

Medlemsverving.

Pr. 31.12.17 hadde lokallaget 542 betalande medlemmer. Talet på betalande medlemmer pr 31.12.16 var 584 medlemmer.

Laget slit med dei same utfordringane som fylkeslaget og Nei til EU sentralt, medlemstalet går nedover. I tillegg til at det er heller høg gjennomsnittleg alder og at det er vanskeleg å rekruttera ungdom, er det også ei utfordring å halda på dei medlemmene me har.

Dette arbeidet krev stor aktivitet både på ny- og gjen-verving av medlemmer. Diverre er det også ei utfordring å få mobilisert engasjement for denne viktige jobben.

Standsarbeidet er viktig, det er likevel ikkje lett å verva nye medlemmer gjennom denne aktiviteten.

Deltaking i aktivitetar arrangert av andre:

Det har vore tradisjon for å delta i både 8. mars-markeringa og i 1. mai arrangement.

Lokallaget hadde ikkje eiga parole i 8. mars toget, og deltaking i denne markeringa var noko kvar einskild tok initiativ til.

Lokallaget markerte seg i 1. mai arrangementet med eiga solidaritetsparole.

Medlemsmøte og andre opne møte.

Lokallaget har ikkje arrangert eigne møte utover styremøta i 2017, men har delteke på ein del arrangement i regi av fylkeslaget.

Toril Mongstad og Sølvi Møinichen deltok på Trondheimskonferansen i januar. Jane Nordlund deltok på kvinnekongressen i regi av kvinneutvalet i Nei til EU 4. og 5. november.

Douglas Ferguson og Toril Mongstad deltok på NEI2017-konferanse 3. og 4. mars, i Oslo.

Økonomi

Rekneskapen er gjort opp med eit overskot på kr 6.150,27. Det har kome inn færre gåver enn budsjettert. Utgiftene til Løvetannen vart lågare enn budsjettert og det har vore ein auke i kontingentrefusjonen. Medlemskontingenten har auka, og det gjev positivt utslag trass i nedgang i talet på medlemmer.

Lagets økonomi har stått på dagsorden på samtlege styremøte, og laget meiner sjølv at me har god styring på økonomien.

Kva har skjedd så langt i 2018

Det har vore 3 styremøte så langt i år. Den store saka i Nei til EU har vore eventuell tilslutning til energipakke 3, energibyrået ACER. I samband med dette arrangerte fylket eit seminar 21. februar. Fleire frå Bergen-styret deltok der. Det har også vore stands-aktivitet i Nordhordland, og fleire frå styret deltok i ei større markering arrangert av LO indre Hardanger, i Odda. I samband med denne markeringa deltok fleire av styret sine medlemmer på stand i Odda sentrum.

Styret i Bergen Nei til EU
Bergen, mars 2018

Sølvi Helene Møinichen

Toril Mongstad

Tor Sander

Åge Chr. Jacobsen

Jane Nordlund